

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule, 15. november 2011, kl 19.00 – 19.45.
Til stades: Hallvard Hoås Samland, Gerd Ingeborg Haugen, Einar Ystevik, Britt Heide Selsvik, Ole–Gisle Vassel.

Sak 1, Nabovarsel om tiltak på Høyneset.

Herand Bygdelag har motteke nabovarsel frå Trym Kligenberg i samband med søknad til kommunen om løyve til å byggja ein molo på Høyneset (gnr 10 bnr 47). Moloen er i søknaden plassert i grensa mot eigedomen der Herand Bygdelag leiger areal for badeplass.

Vedtak:

1. Herand Bygdelag sender uttale til Jondal kommune.
2. Styret har ikkje merknader til tiltaket, men oppmodar om at det vert sett krav til skilting og merking som m.a. opplyser om badeplassen og max fart i området. Vidare at det mellom omsøkt molo og moloen på badeplassen vert lagt ut flyteline med blåser eller liknande for å hindre båttrafikk inn på badeplassen.
3. Herand Bygdelag ynskjer å delta på eventuell synfaring ved politisk handsaming av saka.

Sak 2, Utbetring av avvik på elektrisk anlegg på skulen.

Saka var oppe på styremøte 25.10.11 med vedtak om å leggja fram status for situasjonen i dag:

Det vart gjennomført tilsyn på det elektriske anlegget på skulen i 2010.

Styret har fått opplyst av førre styre at deler av avvika vart utbetra i 2010. Avvika som gjenstår gjeld elektriske punkt og kontaktar som ikkje er støvtette i lokala som vert utleigt til Arjen Stolk. Energiverket sette m.a. krav om reinhald av punkta, reinhaldet vart utført i fellesskap av eigar og leigetakar i 2010, leigetakar gjennomfører reinhaldet i resten av leigeperioden.

Leigetakar opplyser at han har som mål å flytte ut av lokala innan 01.04.2012.

Sak 3, Eventuelt.

Tilsyn i barnehagen 16.11.2011.

Vedtak: Gerd Ingeborg Haugen representerer styret/eigaren på tilsynsmøtet.

Ole–Gisle Vassel/skrivar.